



Den første einebustaden er no klår for måling. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er god framdrift i fleire byggeprosjekt i Uskedalen trass i den uvanleg strenge vinteren.

Eitt av dei er prosjektet til Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) på Ytre Eik der den første einebustaden no er klar for måling og ei hytte inntil fjorden vart påbegynt sist veke. Familien Bjørkevoll frå Odda skal overta ho og hytta vil truleg vera klår i mai.



Fritidsbustad nummer ein er påbegynt no. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein bustaden skal familien Njåstad som kjem frå Bergen flytta inn i når det blir vår. Ein bustad nummer to, som Terje Bu skal overta, ligg førebels noko på is - bokstaveleg tala. Vinteren kom diverre forstyrrende inn i den første, kritiske fasen av byggjeprosessen. Frode Bu har no starta marknadsføring av prosjektet sitt, som han har stor tru på sjølv om det kanskje ikkje er den beste marknadssituasjonen akkurat no.

Heile eigedomen som skal byggjast ut dekkjer 13 mål. Det blir plass til 4 bustader nede på flata ved riksvegen og lenger oppe er det rom for 3 eller 4 bustader. Ein fritidsbustad til skal byggjast nede ved fjorden.

Av Ola Matti Mathisen